

FYLKESMANNEN I HORDALAND

POSTBOKS 106 - 5001 BERGEN
TELEFON 21 67 20 — TELEX 42 153

Osterøy kommune
5250 LONEVÅG

463/542

Deres ref.: Vår ref. (bes oppgitt ved svarbrev): Dato
1466/78.737.111- TAa/AJT 5. april 1979.
Sak nr. 621/78.

UTSLEPPSLØYVE FOR SANITERT AVLAUPSVATN FRÅ INDUSTRIFELTET "RAUDBERGET" TIL KLEPPSVÅGEN I OSTERØY KOMMUNE.

I medhald av Lov om vern mot vannforurensing av 26. juni 1970 § 10, får Osterøy kommune løyve til utslepp av sanitært avlaupsvatn frå industriområde tilsvarande maksimalt 50 p.e. ut i Kleppsvågen.

Vi viser til søknad om utsleppsløyve av 4.4.78.

Konsesjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Avlaupsvatnet skal før utslepp i vågen passera ein 3-kamra slamavskiljar som stettar følgjande krav:

a) Det totale våtvolum skal vera 430 l/p.e. og fordelast som følgjer:

| | |
|--------------------|------------|
| Våtvolum 1. kammer | 310 l/p.e. |
| " 2. kammer | 60 l/p.e. |
| " 3. kammer | 60 l/p.e. |

b) Våtvolumet i 1. kammer over horisontalplanet gjennom aksene i røret/spalten mellom 1. og 2. kammer skal vere 65 l/p.e. tilknytt.

2. Slamavskiljaren skal stå ferdig før det nye industribygget vert teke i bruk.
3. Slamavskiljaren skal tømast minst 2 gonger pr. år. Slammet skal tømast på tømeplass godkjent av Fylkesmannen.
4. Utsleppsleidningen skal førast ut på minst 20 meters djupn i Kleppsvågen, utanfor det punkt der Naustvågen munner ut i Kleppsvågen.

Utsleppsleidningen skal leggjast i samråd med lokalt fiskarlag. Melding skal sendast Fylkesmannen.

5. Det skal innan utgangen av 1979 utførast ei resipientgransking i Kleppsvågen. Granskinga skal utførast etter nærare avtale med Fylkesmannen.
6. Det skal innan utgangen av kvart år oversendast Fylkesmannen ein rapport om drifta av anlegget og om utbygginga av industrifeltet.
7. Fylkesmannen vil, dersom tilhøva tilseier det, seinare koma med pålegg om ytterlegare rensetiltak, utleidning i resipienten e.l.
8. Fylkesmannen kan fastsetja nærare føresegner om tvangsmulkt for brot på vilkåra for utsleppsløyvet.
9. Det vert elles vist til følgjande vilkår i "Alminnelige bestemmelser for utslipp fra kommunale avløpsanlegg", A 1-7, B 1-10, C 1-4.

Grunngjeving for avgjerda:

Kleppsvågen er ein terskelvåg med eit største djupn inne i vågen på ca. 40 m og eit terskeldjup på 19 m i munningen mot Osterfjorden.

Kleppsvågen er verdifull som friluftsf- og fiskeområde.

Det er kome inn protestar mot søknaden. Vågens kvalitetar som friluftsf- og fiskeområde vert spesielt framheva.

Fylkesmannen har ved handsaming av saka lagt vekt på å verna om desse verdiane.

Det er stilt krav om rikeleg dimensjonering av slamavskiljar for maks. 50 p.e. (inntil 150 arbeidsplassar) og snarleg resipientgranskning med sikte på ytterlegare tiltak dersom tilhøva i resipienten ikkje vert tilfredsstillande etterat utsleppet er etablert.

Løyvet omfattar berre vanleg sanitært avlaupsvatn. Det er såleis ikkje forutsett etablert industri med problemfylt avlaupsvatn ført til Kleppsvågen.

Prosessavlaup frå industri er underlagt separat søknadsplikt etter vannvernlova.

Med dei tiltak som er pålagt sett i forhold til storleiken på det omsøkte utslepp antar Fylkesmannen at dei forskjellige interesser tilknytta vågen i første omgang skulle vore tilgodesett.

Sjølv om løyve er gjeve, pliktar den som valder forurensing å svare erstatning som måtte følgje av almenne erstatningsreglar, jfr. § 11 siste ledd i Lov om vern mot vannforurensing.

Det vert også vist til § 10 nest siste ledd, og § 12 om oppseiing og mogleg endring av vilkår.

Avgjerda kan påklagast innan 3 veker frå denne meldinga er motteken, jfr. forvaltningslova § 28 f.f. Klagen bør vere grunngjeve og skal sendast Fylkesmannen i Hordaland, Utbyggingsavdelinga, innan fristen går ut.

Gjenpart av dette brevet er sendt til dei andre partane i saka.


Lars Leiro


Terje Aasen

Gjenpart sendt til:

Statens forurensingstilsyn, Oslo-Dep., OSLO 1.
Miljøverndepartementet, Oslo-Dep., OSLO 1.
Osterøy Friluftsnemnd, 5250 LONEVÅG.
Osterøy Helseråd, 5248 HAUS I HORDALAND.
Hordaland Fiskarlag, Slottsgt. 3, 5000 BERGEN.
Wenche og Harald Hansen, Ø. Hopsv. 7A, 5043 HOP.
Vestlandske Naturvernforening, Boks 1201, 5001 BERGEN.
Kystdirektoratet, Postboks 8158, Oslo-Dep., OSLO 1.
Tysse Husmorlag, 5256 TYSSEBOTNEN.
Bergen Havnevesen, Slottsgt. 1, 5000 BERGEN.
Mikal Risholm m.fl., 5255 FOTLANDSVÅG.
Svein Hanstvedt m.fl., 5255 FOTLANDSVÅG.